



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2022

NOVEMBER • ÅRGANG 29

BIO

Vis oss sekken din

Les meir på side 4.

Ditt avfall kan starte brann

Les meir på side 5.

BIO-dunken under lupa

Joggesko, hjelm, jakke og skjorte. Det er dei utrulegaste ting enkelte kastar i biodunken, fortel driftsleiar Arild Vik i SIM.

Les meir på side 2 og 3.

Biodunken under lupa

Joggesko, hjelm, jakke og skjorte. Det er dei utrulegaste ting enkelte kastar i biodunken, fortel driftsleiar Arild Vik i SIM. Han ristar på hovudet og påpeikar at ein enkelte gonger kan lure på om det ligg folk oppi dunken sidan ein finn både sko og klede der.

Han understrekar at dei aller fleste er veldig flinke å sortere, men det skal berre ein eller to dunkar med feilsortert avfall til for å øydeleggje for anlegget som skal kompostere bioavfallet.

– Det verste me får oppi er plast og glas. Dette er vaneleg å få ut av kompostjorda me produserar, når det fyrst er kommen oppi. Me ser enkelte dunkar med heile plastposar med restavfall i biodunken, fortel Vik.

SIM gjennomfører med jamne mellomrom kontrollar av dunkane.

– Me ser at sorteringa vert betre i kjølvatnet av slike aksjonar, men me kan alltid bli betre, seier han.

I ein slik aksjon vert eit visst antal dunkar sjekka før bosbilen tømmer dei. Og det vert delt ut gule og raude kort på dunkane. Systemet er velprøvd og kontrolløren merkar dunken med feilsortert avfall. Det kan vera kunden

får ei åtvaring fyrst, med gul lapp, eller ein får raud lapp med det same, dersom feilsorteringa er alvorleg. Ved raud lapp vert ikkje dunken tømd. På denne måten har ein del av kundane våre fått seg ein vekkjar og me unngår øydelagt kompostjord, påpeikar Vik.

BRUK BIOPOSE TIL BIOAVFALL

SIM opplever at mange butikkar reklamerer for posar og produkt som skal vera komposterbare. Desse

– Det verste me får oppi er plast og glas.
Dette er vanskeleg å få ut av kompostjorda.

produkta er **ikkje** godkjende i vårt kompostanlegg, med mindre dei er merka med EN 13432 eller ASTM D6400. Godkjende bioposar får ein kjøpt i dei fleste daglegvarebutikkar og ved alle våre miljøsentralar.

Tømer IKKJE dunken

SIM sine sjåførar har pålegg om å ikkje ta med seg dunkar der det i stor grad er

feilsortert, eller er feil posar i dunken. Dersom feilsorteringa er alvorleg nok vert ikkje dunken tømt, og kunden vil få ein raud lapp på dunken.

For at du skal vera heilt sikker på at posen du brukar er godkjent, bruk SIM sine bioposar, kjøp posar med godkjent merking eller bruk papirpose.



Plast, plastposar, klede er nokre av døma på kva som IKKJE skal oppi biodunken.



Papirpose, eller posar merka **EN 13432** eller **ASTM D6400** er godkjende for bruk i biodunken.



✓ Kva skal i dunken? (nokre døme)

- Matrestar av alle slag
- Kaffigrut, kaffifilter, teposar
- Eggeskal, restar av reker og andre skaldyr
- Visne blomar, gamle potteplantar (utan pottle!)
- Lauv, hageavfall, sagflis
- Kjøkenpapir, papirserviettar
- Eggekartongar i mindre mengder
- Bein, fjør


✗ Kva skal ikkje i dunken? (nokre døme)

- Glas
- Plast
- Metall
- Drikkekartongar
- Farleg avfall
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE)
- Impregnert eller måla trevirke
- Slakteavfall
- Bleier
- Hundeposar

Finn fem feil!

1. Det er ikkje vits i å sortera, alt vert tømt i samme bilen uansett.

SIM har bosbilar med to kammer og det ser dermed ut som om alt vert blanda, men avfallet hamnar i to ulike rom og vert ikkje blanda.




2. SIM tener pengar på at folk gjer jobben for dei.

SIM tener ikkje pengar på at folk sorterar avfallet sitt. SIM driv etter prinsippet om sjølvkost. Eventuelle inntekter er med på halde gebyret nede.

3. Vinninga går opp i spinninga for boset vert kjørt til utlandet.

Når avfall vert sendt over landegrensar på den måten, vert det som regel sendt med returtransport. Det vil seia at bilane som har avfallet med seg, er i Noreg likevel for å levere varer. I staden for at dei kjører tomme tilbake vert dei nytta til returtransport.



4. Alt avfallet går i samme ovnen til slutt

SIM sender alt avfall som er sortert til gjenvinning. Til dømes vert glas og metall sendt til Sirkel for gjenvinning.

5. Det er aldri nokon som vinn i kartong-lotteriet.

Du kan levere kartongane enkeltvis eller i kubbar. Det er ikkje krav til kor mange kartongar som skal vere i ein kubbe. Alle kartongar med navn og nummer er med i trekninga av 100.000 eller 10.000 kroner.



Berre gjennomslittige sekker er godkjent for levering på våre miljøsentralar.

Hugs forbodet!

Vis oss sekken din

All erfaring viser at terskelen for å kaste miljøfarleg, eller brannfarleg avfall i dunkar eller sekker er lågare, dersom du trur du ikkje vert oppdaga.

SIM har difor eit krav om levering i gjennomslittige sekker på våre miljøsentralar, og kontroll av avfallet som vert kasta i dunkane. Farleg avfall eller EE-avfall skal sendast til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vere materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet. Private kundar kan levere EE-avfall og farleg avfall kostnadsfritt på miljøsentralen

Forbod

Dei fleste renovasjons-selskapa i landet har innført forbod mot ugjennomslittige

sekker på sine miljøsentralar, for å ta ned risikoen for feilsortering. SIM har sidan 2016 oppmoda våre kundar om å bruke gjennomslittige sekker. Sidan 2021 har det ikkje vore lov å levere avfall i ugjennomslittige sekker hos SIM.

Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?

Nei. Desse sekkene er berre for plastemballasje.

Forbod mot ugjennomslittige sekker




Viktig å sortere rett

Ditt avfall kan starte brann


Avfall kan ta fyr, både i dunken din heime, i renovasjon bilen og på avfallsanlegget. Her er nokre grep du kan gjere for å redusere brannfaren.

EE-avfall og farleg avfall høyrer ikkje heime i dunkar eller sekker. Alle batteri, uavhengig av kjemisk samansetning, form eller storleik, vil innehalde litt restenergi når dei blir kasta. Dersom polane kjem i kontakt med kvarandre eller med metall, er det fare for kortslutning og brann. For å redusere denne faren, er det to enkle hugseregjar:



- 1 Ikkje kast batteri eller anna EE-avfall i restdunken – lever dei på miljøsentralen eller i butikken der dei er kjøpt.
- 2 Set ein tapebit over batteripolane etter avslutta bruk. Då unngår du at polar kjem i kontakt dersom du samlar opp fleire batteri i påvente av levering til miljøsentralen, og du reduserer også brannfaren på batteriet si reise frå innsamlingspunkt til gjenvinningsanlegg.

Flytt bosdunken vekk frå husveggen. Kvart år skjer det ulukker som følgje av at det oppstår brann i bosdunkar som er plasserte inntil husveggar. Norsk brannvernforeining, Direktoratet for sikkerheit og beredskap og Finansnæringsas hovudorganisasjon tilrår difor at avfallsdunkar blir plasserte minst fem meter frå ytterveggen, uansett bygningstype. Forsikringsselskapa kan også setja krav til plasseringa av avfallsbeholdarar, så sjekk kva din forsikringsavtale seier om dette. Om du opptreer uaktsamt, kan i verste fall forsikringsselskapet sette ned erstatninga di om det skulle oppstå ein brann.



Kva får du for 2 805 kroner?

Eit gjennomsnittleg abonnementsgebyr hjå SIM er 2 805 kroner. (Eksempelet er henta frå eit standard-abonnement i Stord kommune). Desse pengane skal dekke kostnadane med innsamling, handsaming og administrasjon. Samanlikna med gjennomsnittet for landet er SIM sitt gebyr lågt. Gebyret vil variere ut frå kva dunkløyising du har.



Dei utsorterte fraksjonane vert sendt vidare til energigjennvinning eller materialgjennvinning. Gebyret skal òg dekke kostnadane med vidare handsaming av avfallet.

Hjå SIM får du:

- Restavfallet** henta heime
26 gonger i året
- Bioavfallet** henta heime
26 gonger i året.
- Papiravfallet** henta heime
13 gonger i året
- Plastemballasjeavfallet** henta heime
13 gonger i året
- Glas- og metallemballasjeavfallet**
henta heime 7 gonger i året

249

/per år

666

/per år

515

/per år

205

/per år

* I tillegg til grunngebyr på 1170,-

Gjeld SIM sine hushalds- og hytteabbonentar:



Fri tilgang

til levering av glas- og metallemballasje så ofte og mykje du vil



Kostnadsfri levering

av emballasjeplast på miljøsentralen



Kostnadsfri levering

av heile tekstilar på miljøsentralen



Kostnadsfri levering

av farleg avfall på miljøsentralen

I tillegg:

- Tilgang til miljøsentral i alle kommunar, der du får levere avfall til ein rimeleg kostnad
- Informasjon om miljørette ordningar

Sju miljøsentralar

Miljøsentralen er ein populær stad for mange. Det skal ryddast og det skal kastast.

SIM har miljøsentralar i alle dei sju eigarkommunane, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og

Tysnes. På miljøsentralen kan du kvitte deg med avfall som du ikkje får plass til i bosunken, eller som du ikkje har lov å kaste der.

I tillegg kan du kjøpe kompostmold og plenblanding ved alle SIM sine

miljøsentralar. Produkta er framifrå som jordforbetningsmiddel eller topplag på grasplenar og i bed.

SIM oppmodar kundar til å bruke kort eller Vipps ved betaling på miljøsentralen.

Sjå nettstaden sim.as/miljosentralane

Gode tips for ei trygg og miljøvennleg jul

Jula er ikkje berre høgtid med hygge og gode tradisjonar, det er også ei høgtid for brann, overforbruk og sløsing med ressursar. Her er nokre tips til ei trygare, meir miljøvennleg og økonomisk jul!

Elektriske gåver

Har du fått nytt elektrisk produkt, men har eit gammalt som fortsatt verkar? Gje bort eller sel på nett! Sjølv om du ikkje har bruk for dette produktet lenger kan det være fleire som er interessert i å bruke produktet vidare. Din gamle TV kan bli nokon andre sin nye TV.

Er det øydelagt, skal det leverast til miljøsentralen, eller butikkar som sel tilsvarande produkt.



Kvar skal ein gjere av brukt gåvepapir?

Sjølv om ein skulle tru at papir er papir, gjelder ikkje det det tradisjonelle julepapiret. *Glansa og fargesterkt* gåvepapir skal du nemleg kaste i restavfallet. Gåvepapir i *naturmateriale* (t.d. gråpapir) sorterer du derimot som papir.

Hugs: Du kan ta vare på gåvepapiret og bruke det på nytt. Brett eller rull papiret saman etter du har pakka opp, og bruk det neste gong du skal gje bort ei gåve. Eit anna tips er å bruke *gamle aviser, magasiner eller stoffrestar* til å pakke inn gåver. Då får gåvene eit unikt preg, samstundes som du gjenbrukar noko du allereie har liggjande.

Handtering av oske

Bruk sotskuffe og metallbøtte når du tømmer peisen eller omnen for oske. Sjølv eit døgn etter at elden har sløkna, kan oska innehalde glør.

Etter du er trygg på at alle glør er sløkt, kan du sortere oska som restavfall.



MATSVINN

Korleis kaste mindre mat i jula?

Kjelde: matvett.no

Avkjøl restar så raskt som mogleg og pakk dei vekk i tett emballasje med ein gong måltidet er unnagjort. Vent heller med oppvasken.



Planlegg menyen og innkjøpa i større grad. Kjøp litt mindre enn du hadde tenkt. Det vert alltid nok! Planlegg også eigne restemåltid av julematen. Inviter gjerne til buffét der alle har med litt av det de treng å få spist opp.

Byrje med opprydding i kjøleskapet tidleg i desember. Slik får ein oversikt over det du har og kan sette det som går ut først på dato heilt fram. *PS: Sett mat som ikkje behøver å stå kaldt i matskapet (brus, ketchup ol.).*



Ta med mat på hytta eller besøk i romjula, så det ikkje blir ståande i kjøleskapet for lenge og vert dårleg. Hugs at all mat har ein verdi og fortener å bli spist. Inviter nokon heim i desember/jula som treng eit godt måltid og ein hyggeleg prat!

Ikkje bak meir kaker enn de kjem til å ete. Spør familien kva sortar dei liker best. Del kaker med ein venn eller eit familiemedlem, så får de fleire sortar og ikkje så mykje av kvar. Spis gjerne på uvanlege ingrediensar med nokon andre, og del.



Sjå, lukt og smak!

SENDER:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON**i Visste du at?**

SIM har ein eigen app som varslar deg kva dunk som skal ut kva tid. Du kan laste den ned gratis ved å søkje på «SIM tømmekalender» i **Google Play™** eller **App Store®**.



SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Du kan tilpasse abonnementet til ditt behov; anten ved å be om større/mindre bosdunk, dele dunkar med andre eller kompostera heime.



Dunken skal tilbake til eigedomen frå oppstillingsplassen etter tøming.



Dersom dunken ikkje er tømt kan du ringe **95 25 35 15**.



Dunken må ikkje fyllast så mykje at du ikkje får igjen loket. Då vert det forsøpla kring dunken, noko som trekkjer til seg skadedyr som fugl og rotter.



Dersom dunken din er øydelagt kan du få ein ny ved å kontakte SIM. Etter du har kontakta oss kan du anten hente ein ny sjølv ved våre miljøsentralar, eller me kan levere ut ny dunk til deg. Det kan ta opp til fem veker før du får ny dunk dersom me skal levere den. Då hentar me samstundes inn den øydelagte.



Ved alle våre miljøsentralar ynskjer me at ein skal betale med kort eller Vipps.



Vakttelefon slamtømming: **98 23 51 51**.

Søk midlar frå SIM sitt miljøfond!

SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkje midlar frå fondet.

Årleg søknadsfrist: 1. desember.

Tildelingar

Sjå kven som har fått midlar tidlegare år på sim.as/tildelingar

Les meir og søk på sim.as/miljofond

**OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE***

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag kl. 09.00-14.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00
Fredag kl. 09.00–15.00
Laurdag kl. 09.00–14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM